



REFERAT FRÅ MØTE SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTSEN SKULE

Samarbeidsutvalet: Christian Moltu, leiar for elevrådet August Furnes Degnepoll, Ingeborg Grytten Tjugum (nestleiar for elevrådet), Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Oddbjørn Hole, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Skulemiljøutvalet: Christian Moltu, Torje Hirth, Agnethe Fløtre Bøyum, Astrid Iren Solheim, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Oddbjørn Vik Hole, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

Tid: Onsdag 22.05.2024 kl. 18.00

Møtestad: Konferanserommet, Slåtten skule

Desse møtte:

Ingeborg Grytten Tjugum, August Furnes Degnepoll, Christian Moltu, Turid Irene Hatlem, Siri Walle Øen, Astrid Iren Solheim, Torje Hirth, Bernt Norevik

Sak /24: Endringar i samband med ny opplæringslov

Turid orienterte kort om endringar i lokal forskrift til ny opplæringslov:

- Plikt til grunnskuleopplæring er tydelegare. Ny opplæringslov foreslår at ein må søkje fri minst ein månad i førevegen. Skulen kan gje permisjon inntil ti dagar. No rom for tolking og skjønnsbruk for skulen; ein kan vurdere om gitte elev kan få fri ut frå fråver tidlegare i året.
«Rektor skal gjere ei forsvarleg vurdering...»
- Utkast til forskift for SFO legg ikkje opp til store endringar
- Rektor fastsett lokale trivselsreglar i samband med dei i dag representerte utval. Ordlyd i ny opplæringslov er «Skuleregler». Skuledemokrati og elevar si stemme skal tydelegare fram, ut frå ny opplæringslov
- Skuleruta er bygd på fylkeskommunal skulerute. Første skuledag er 19.august 2024

Link til høyring/innspel til lokal forskift til ny opplæringslov:

<https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/hoyring-av-lokale-forskrifter-til-ny-opplaringslov.31627.aspx>

| | | | | | |
|-------------------|-------------|-------------------|--------------------|-------------|-------------------------------------|
| Telefon: | 57 83 45 00 | Rektor: | Turid Irene Hatlem | 57 61 28 13 | turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no |
| Løvetann SFO: | 48 11 46 75 | Ass. rektor: | Asmund Friborg | 57 61 28 39 | asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no |
| Skogstjerne SFO: | 97 04 30 10 | Dagleg leiar SFO: | Johnny Årdal | 57 61 28 44 | johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no |
| Firklooveren SFO: | 47 48 42 89 | Konsulent: | Kristin Burø | 57 83 45 00 | kristin.buro@sunnfjord.kommune.no |

- Ein kan no endre hovudmål på skulen i kommunen (kommunestyret). I sunnfjordskulen er det dei neste fem åra vedteke nynorsk som hovudmål.

Sak /24: 17.mai-faner

Hovudfana til skulen er laga av tøy, resten av papir. Enkelte røyster har ønske om at vi lagar nye faner med tøy til alle trinna. Denne saka kan ein ta opp att i FAU til hausten(2024). Innad på skulen: Er faglærarar interesserte i å vere pådrivarar?

Sak /24: 17.mai-arrangementet:

- Vipps-inntekter like som i fjar
- Kostnader Coop: 18 000
- Rekneskapen ligg omtrent som tidlegare, altså rundt 10 000kr i overskot

Arrangementet «gjekk ganske knirkefritt» pga. gode malar og planar. Kanskje kunne ein ha endå tydelegare merking av allergen/innehald i kakene i «allergi-seksjonen». Dette kom det eit innspel til: Dei som eig allergien må sjølv vurdere ut frå merkinga. Det er «amatørar» som lagar til 17.mai og dess meir ein merkar kaker/innehald, kan det vere lett å «stole blindt» på det som er merka. Kanskje bør ein ha merking med større kategoriar som «ikkje nøtter», men ikkje meir detaljert

Komiteen hadde ein del arbeid på førehand, men arbeidet gjekk fint. Nokre i komiteen hadde erfaring frå tidlegare 17.mai-komite. Det var lurt at komiteen ikkje ordna bytting av vakter/arbeidsoppgåver

Lyd: Noko därleg lyd, vanskeleg å høyre talane. Kanskje vert det prat i forsamlinga pga. at ein ikkje oppfattar talar har starta

Sak /24: Utbygging av barnehage ved Slåtten.

Møte 22.05.24 på Slåtten med representantar frå kommune, tomteselskap, barnehagen Tusenfryd og Slåtten. Eit alternativ er at skulen og barnehagen får felles innkøyrslle; men sannsynlegvis får barnehagen eigen/delt med planlagt bustadfelt.

Parkeringsplassen ved skuleslutt: Mange elevar, mykje trafikk. Mange stoppar og parkerer i busslomme. Bussar får problem pga. dette.

Ei gruppe i FAU har oppgåve knytt til trafikksikkerheit. Kan desse sjå på/uttale seg om denne saka?

Sambruk med skulen (SFO-lokale) kan vere aktuelt.

Sak /24: Ymse

- Fantasi-rommet på biblioteket vil vere ferdig i juli
- God innsats både frammøte og utlån av utstyr til dugnaden
- Leikeapparata på skulen: Blir kontrollerte, skal vere trygge. Kanskje behov for fleire/nye. Skulen må investere i nye leikeapparat, men kommunen skal dekke reparasjonar og underlag. Det føreligg ein plan for uteområde-opgradering for skulane i kommunen.

Bernt Norevik

- **Skrivar -**